

Prosjektskilddring:

Arbeid med plan for friluftslivets ferdsselsårer i Vestland 2020 - 2023

Bakgrunn

Mykje av tidlegare arbeid med friluftsliv har vore retta mot ivaretaking av areal, medan friluftslivets ferdsselsårer i seg sjølv og samanhengen mellom areala har hatt mindre fokus. Regjeringa signaliserer i St.melding 18 (2015-2016): *Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet* at dei vil prioritere ferdsselsårer i friluftslivsarbeidet. Som ei konkret oppfølging av regjeringens sin handlingsplan har Klima og miljødepartementet (KLD) initiert eit fleirårleg prosjekt for friluftslivets ferdsselsårer. Føremålet med prosjektet er å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking og kartfesting av friluftslivets ferdsselsårer.

På oppdrag frå KLD har Miljødirektoratet utarbeidet rettleiaren *Plan for friluftslivets ferdsselsårer* (M-1292). Rettleiaren presenterer ein metode for korleis friluftslivets ferdsselsårer kan bli identifisert, ivaretakast og vidareutviklas på ein systematisk måte. Prosjektet skal auke kunnskapsgrunnlaget om ferdsselsårene kommunen har, kva behov dei dekker og korleis dei kan utviklas for å skape meir aktivitet. Utvikling av friluftslivets ferdsselsårer vert gjort gjennom å tilrettelegge nye ferdsselsårer, utbedre å justere eksisterande ferdsselsårer, legge om ferdsselsårer, synleggjere attraktive turmål, skilte og merke m.m.

Prosjektet bygger vidare på arbeidet som er gjort i samband med prosjektet *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder* og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018). Arbeidet med *Plan for friluftslivets ferdsselsårer* vart starta opp i Hordaland fylkeskommune i 2019, og Vestland fylkeskommune ønskjer å videreføre det gode arbeidet med desse prosjekta i heile fylket.

På bakgrunn av erfaringane som vart gjort i samband med prosjektet *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder* i Hordaland, har Vestland fylkeskommune inngått ei samarbeidsavtale om plan for friluftslivets ferdsselsårer med Bergen og Omland friluftsråd (BOF) for perioden 01.12.2019 – 31.12.2023.

Formål

Føremålet med prosjektet er å få flest mogleg kommunar til å igangsette eit systematisk arbeid for å ivareta og vidareutvikle friluftslivets ferdsselsårer. Arbeidet vil få positiv innverknad på andre satsingsområder for fylkeskommunen og kommunane, slik som folkehelse, kultur, reiseliv og samferdsel. Ved å se desse områda i samheng vil ein kunne formidle kunnskap og erfaringar til fylket og kommunar, og til andre som arbeider med tilrettelegging for friluftsliv.

Prosjektet si oppbygning

Detaljert skilddring av prosjektet sin oppbygning er skilddra i rettleiaren (M-1292).

Arbeidsprosessen er som følgjer:

Steg 1: Oppstart

- a. Forankring/vedtak om oppstart
- b. Utarbeide prosjektplan
- c. Oppstart prosjektgruppa og annonsering

Steg 2: Kartlegge nå-status

- a. Kartlegge ferdselsårer, turruter og målpunkt
- b. Supplere kartlegging ved involvering av eksterne
- c. Registrere traséer og målpunkt relevant for arbeidet
- d. Innhente anna relevant informasjon

Steg 3:

- a. Kvalitetssikre mål
- b. Analysere avvik mellom nå-situasjon og mål
- c. Foreslå tiltak
- d. Registrere foreslåtte tiltak
- e. Vurdere foreslåtte tiltak opp mot andre forhold
- f. Analysere tiltak opp mot mål
- g. Vekte og prioritere måloppnåelse

Steg 4: Samanstille planen

- a. Samanstille planen
- b. Høyring
- c. Vedtak om planen

Effektmål 2020 – 2023

På nasjonalt nivå er det eit mål om at befolkninga skal utøve friluftsliv jevnleg. Dette skal sikras gjennom at ferdsel i naturen skal bli lett tilgjengeleg for alle grupper i befolkninga. Tiltak skal m.a. legge til rette for å kombinere ferdsel i naturen skal kunne utførast som ledd i dei daglege gjeremåla.

Prosjektet bygger opp under mål knytt til friluftsliv i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.

Mål 1: Fleire skal delta i friluftsliv på jevn og varig basis, med særleg fokus på barn og ungdom.

Mål 2: Sikre og legge til rette for fleire og bedre anlegg for friluftsliv som er tilgjengeleg for folk i nærmiljøet.

Mål 3: Regionalt samarbeid om friluftsliv, for å ivareta heilskapen i felles friluftsverdiar og for å auke kunnskapsgrunnlaget gjennom dialog og erfaringsutveksling.

Prosjektet er forankra i handlingsprogrammet til *Anleggspolitik for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland fylkeskommune 2020-2024* som eit eige tiltak (tiltak 13). Prosjektet rettar seg spesielt inn mot delmål 1: Anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengeleg for folk i deira nærmiljø.

Sentrale aktørar si rolle på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå

Miljødirektoratet

- Leie prosjektet, i nært samarbeid med fylkeskommunane.
- Utarbeide rettleiingsmateriell
- Tilrettelegge for nettverksbygging og erfaringsutveksling gjennom samlingar med fylkeskommunane.
- Forvalte tilskotsmidlar til føremålet, m.a. fordele tilskot til fylkeskommunane.

Fylkeskommunen

- Ansvar for prosjektleiing og koordinering regionalt.
- Motivere og rekruttere kommunar til å igangsette prosjektet.
- Følge opp enkeltkommunar med rettleiing og koordinering.
- Fordele statlege og regionale tilskotsmidlar til deltakande kommunar.
- Bidra med økonomiske ressursar til administrasjon, opplæring og rettleiing, innkjøp av felles digitale karttenester og verktøy. Legge til rette for erfaringsutveksling underveis.
- Følge opp arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer ovarfor Miljødirektoratet.
- Legge til rette for erfaringsutveksling, og opprette ei regional rådgjevande gruppe for å sikre tverrfagleg arbeid i prosjektet (m.a. gjennom å involvere dei regionale friluftsansjonane i arbeidet).

Bergen og Omland Friluftsråd

- I samarbeid med Vestland fylkeskommune koordinere og leie arbeidet.
- Motivere sine medlemskommunar til å utarbeide plan for friluftslivets ferdselsårer.
- Bistå alle kommunar i Vestland fylkeskommune som ønskjer det, med hjelp til å utarbeide plan for friluftslivets ferdselsårer.

BOF vil delta på oppstarts- og arbeidsmøter og gje grundig opplæring i metodikk for den enkelte kommune. Møter kan utførast ved hjelp av videokonferanse, og anna korrespondanse. BOF tek seg av informasjons- og oppstartsmøte, digitalisering, kvalitetskontroll, slutføring og rapport.

- Gje innspel til korleis arbeidsgruppa i kvar kommune er samansett og at arbeidet er i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292, plan for friluftslivets ferdselsårer.
- Delta på regionalt fagnettverk inntil to gonger per år, og bidra med faglege innlegg på regionale konferansar.
- Bergen og Omland Friluftsråd sender rapport til Vestland fylkeskommune årleg innan 1. mars om status om framdrift i kor langt kommunane har kome med arbeidet i høve til: informasjonsmøter, kommunalt vedtak om oppstart, etablering av arbeidsgrupper.
- Gjennomføring: oppstartsmøter, kartlegging av no-status, analysere, vurdere tiltak og digitalisering. Stiar som vert registret, men som ikkje ligg i den nasjonale databasen for tur- og friluftsruter skal leveras til kartverket via rettikartet.no.
- Slutføring: kvalitetssikring, ferdigstilling, kommunalt sluttvedtak om bruk og ajourhold.
- Økonomi: oversikt over utgifter og finansiering.
- Sluttrapport skal sendast Vestland fylkeskommune når prosjektet er ferdigstilt.

Kommunane

- Leiar og står for det praktiske arbeidet og gjennomføringen med planar for friluftslivet sine ferdselsårer.

Organisasjonar

- Bidra i det konkrete arbeidet nasjonalt, regionalt og lokalt.

Føresetnader og rammer

Prosjektet har ein varighet på fem år med oppstart frå 2019 og vert avslutta i 2023. Det er sett av tilskotsmidlar på statsbudsjettet til koordinering av arbeidet i fylkeskommunane, og Miljødirektoratet. Fylkeskommunane kan søke tilskotsmidlar på vegne av seg sjølv og deltakande kommunar.

Kvinnherad kommune søkte i 2019 om å vere pilotkommune, og har fått tilskotsmidlar til å gjennomføre heile prosessen med plan for friluftslivets ferdselsårer. Det er forventat at dei delar erfaringar til gode for andre kommuner som kjem etter.

Resultatmål for 2020 - 2023

- Følgende er presentert for kommunane:
 - Rettleiar for planlegging av friluftslivets ferdselsårer
 - Merkehandboka
 - Rettleiar for naturvennleg tilrettelegging
 - Spelemiddelordninga
- Motivere alle kommuner i Vestland fylke til å utarbeide kommunale planer for friluftslivets ferdselsårer.
- Det er tilsett ein prosjektleiar i Bergen og Omland friluftsråd som saman med spesialrådgjevar i Vestland fylkeskommune føl opp kommunar som har søkt og fått tilskot til å gjennomføre prosjektet.
- Nasjonal database for tur- og friluftsruter blir komplettert. Kommunane som allereie har sine sti- og løypedata digitalt, melder desse inn til kartverket.
- Arrangere minst ei årleg fagsamling for kommunane.

Framdriftsplan 2020 - 2023

Det er 43 kommunar i Vestland fylke. Målsetninga er at alle kommunar skal utarbeide ein kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer. Bergen kommune har allerede ein sti og løypeplan og har signalisert at dei difor ikkje vil prioritere å utarbeide ein ny plan. Framdriftsplan for gjennomføring av prosjektet er vist i tabell 1.

Tabell 1: Framdriftsplan 2020- 2023

| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | |
|-----------------------------------|---------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|-----|
| | Tall kommunar | Tall kommunar | Tall kommunar | Tall kommunar | Tall kommunar | SUM |
| Informere kommunane om prosjektet | 33 (i Hordaland) | 43 | | | | 43 |

| | | | | | | |
|---|--------|---|----|----|----|----|
| Oppstart i kommunar som har søkt og fått tilskot til å gjennomføre prosjektet | 14 (8) | 9 | 14 | 11 | 0 | 42 |
| Prosjektarbeid (Steg 1 og 2) | 14 (8) | 8 | 14 | 12 | 0 | 42 |
| Oppdatere nasjonal database for turruter | | 2 | 22 | 12 | 6 | 42 |
| Prosjektarbeid (Steg 3 og 4) | 1 | 4 | 9 | 12 | 16 | 42 |

Økonomi

I 2019 kom det inn 14 søknader på tilskotsordninga for plan for friluftslivets ferdselsårer i Hordaland. Alle søknadene oppfylte vilkåra for tilskot, og var i tråd med rettleiar M-1292. Kvinnherad kommune søkte om å få vere pilotkommune og fekk såleis midlar til å gjennomføre heile prosjektet. I samband med regionsreforma er desse no 8 kommunar.

Tabell 3: Budsjett 2019

| Utgifter | Beløp | Antall | Totalt |
|--|---------|--------|------------------|
| Prosjektarbeid per kommune (Steg 1 og 2) | 60000 | 13 | 780 000 |
| Kvinnherad (Steg 1-4), pilotkommune | 250 000 | 1 | 250 000 |
| Totale utgifter | | | 1 030 000 |
| Inntekter | | | |
| Fylkeskommunale midlar | 580 000 | 1 | 580 000 |
| Omsøkt frå Miljødirektoratet | 450 000 | 1 | 450 000 |
| Dugnad i kvar kommune/ eigenkapital | | | |
| Totale inntekter | | | 1 030 000 |

I 2020 har 9 aktørar søkt om midlar. 7 av tiltaka følg rettleiar M-1209 og har fått tilskot til å gjennomføre prosjektet. Tabell 2 viser budsjett for heile prosjektperioden og legg opp til at alle kommunar utanom Bergen søker om å gjennomføre prosjektet. Bergen kommune har laga forvaltningsplanar for byfjella og kommunedelplan for blågrønn infrastruktur som inkluderer grønnstrukturar med ferdselsårer i urbane områder. Om Bergen kommune i løpet av prosjektperioden likevel ønskjer å delta kan dei søke om tilskotsmidlar i løpet av prosjektperioden.

Budsjett for 2020 -2023 der det vert lagt opp til at alle kommunar i fylket gjennomfører arbeidet med ein plan for friluftslivslivets ferdselsårer.

Tabell 3: Budsjett 2020 – 2023

| Utgifter | Beløp | Antall | Totalt |
|--|--------------|---------------|------------------|
| Prosjektarbeid per kommune (Steg 1 og 2) | 60 000 | 34 | 2 040 000 |
| Prosjektarbeid per kommune (Steg 3 og 4) | 60 000 | 41 | 2 460 000 |
| Fagsamling med kommunane | 20 000 | 4 | 80 000 |
| Lønnsmidlar til BOF prosjektarbeid 100% stilling | 565 000 | 4 | 2 260 000 |
| Totale utgifter | | | 6 840 000 |
| Inntekter | | | |
| Fylkeskommunale midlar | 700 000 | 4 | 2 800 000 |
| Omsøkt frå Miljødirektoratet | 695 000 | 4 | 2 780 000 |
| Dugnad i kvar kommune/ eigenkapital | 30 000 | 42 | 1 260 000 |
| Totale inntekter | | | 6 840 000 |